

# Hybride verbformer i amerikanorsk og analyse av tempus

*Tor A. Åfarli*

Eit karakteristisk trekk ved engelske innlån i amerikanorsk er at det lånte ordet typisk får norsk bøyning, trass i at stammen er engelsk. I denne artikkelen skal eg diskutere korleis slike hybride verbformer kan bidra til å kaste lys over teoretiske problemstillingar når det gjeld spørsmålet om korleis verbet ”får” tempus i generativ grammatikk. Eg skal prøve å vise at dei amerikanorske hybride verbformene er svært interessante i denne samanhengen, ved at dei motiverer ein bestemt type analyse av relasjonen mellom verbstamme og tempus.

## 1. Innleiing

*Amerikanorsk* er den varieteteten av norsk som vart brukt av norske immigrantar til USA i perioden frå første halvdel av 1800-talet og inn på 1900-talet og av dei norskspråklege etterkomarane etter dei (Haugen 1953, Hjelde 1992, Johannessen & Laake 2011). Denne varieteteten av norsk er bl.a. karakterisert av stor grad av engelske innlån. Eit slåande trekk ved slike innlån er at ordet typisk får norsk bøyning, trass i at stammen er engelsk. Dette er illustrert av den hybride verbforma i (1) (eksempelsetninga er henta frå Haugen 1953).

- (1) a. Å e å n Eijil helt på å **hunta** frosk ute.  
 b. *Hunta* [pret] → hunt<sub>ENG-aNO</sub>, jf. engelsk 'hunted'

I denne artikkelen, som er ei vidareutvikling av Åfarli (2010, 2011), skal eg diskutere om slike hybride verbformer kan bidra til å kaste lys over teoretiske problemstillingar innanfor generativ grammatikk når det gjeld spørsmålet om korleis verbet ”får” tempus. Dette er eit teoretisk minefelt med mange ulike framlegg til analysar på marknaden. Eg skal prøve å vise at

dei amerikanorske hybride verbformene er svært interessante i denne samanhengen ved at dei motiverer ein bestemt type analyse av relasjonen mellom verbstamme og tempus.

I del 2 drøftar eg det avgjerande spørsmålet om det finst noko som kan kallast hybride verbformer i det heile, og eg konkluderer med at svaret er *ja*. Deretter presenterer eg i del 3 ein del amerikanorske data, som vil tene som bakgrunn for den teoretiske diskusjonen. I del 4 klargjer eg nokre teoretiske utgangspunkt for analysen, og i del 5 diskuterer eg nokre mekanismar som har vore foreslått i den lingvistiske litteraturen, når det gjeld korleis relasjonen mellom verbstamme og tempusbøying bør analyserast. Eg viser mellom anna at nokre av analysane krev at dersom ein skal bruke dei på dei hybride verbformene, så må ein rekne med særskilte språktrekk i den morfosyntaktiske representasjonen, noko som ikkje er ønskeleg. I del 6 viser eg så korleis relasjonen mellom verbstamme og tempus kan analyserast utan bruk av språktrekk, og dette er samtidig ein analyse som predikerer dei empiriske mønstra som hybride verbformer faktisk viser. Samtidig har analysen også som prediksjon at lån og kreasjon av nye verbformer er ein del av normal språkbruk, snarare enn at det er noko avvikande, noko som stemmer godt med den måten språk faktisk blir brukt på.

## 2. Er dei hybride verbformene verkeleg hybride?

Dersom vi skal kunne snakke om hybride verbformer, synest det å vere viktig at dei engelske innlåna ikkje er å rekne som *etablerte* lån i leksikonet til dei amerikanorske språkbrukarane. Om dei var etablerte lånord, ville dei vere innlemma i det *norske* mentale leksikonet til språkbrukaren, og det ville på ingen måte vere overraskande at dei også får norsk bøyning, slik vanlege norske verb får det.

Innanfor kodevekslingsteori finst det ein langvarig diskusjon omkring spørsmålet om kva kriterium ein kan bruke for å bestemme om eit gitt lån er etablert eller spontant (sjå t.d. Pfaff 1979 eller Poplack 2004). Spontanlån blir også kalla *nonce borrowing*, og dette dreier seg altså om spontane og enkeltståande lån av ord frå eit anna språk i ein gitt situasjon, der og da, og som ikkje typisk er brukte av andre språkbrukarar i liknande situasjonar. Dette i motsetnad til etablerte lån, som er utbreidde og blir brukte av mange språkbrukarar. Det er også vanleg å rekne med at spontane lån føreset at språkbrukaren er bilingval, i alle fall til ein viss grad, medan bruk av etab-

lerte lån også skjer hos monolingvale språkbrukarar. Spontanlån skjer derfor typisk i språkkontaktsituasjonar, som den amerikanorske.

Dersom amerikanorske verbformer som den i (1) skal reknast som hybride, bør dei altså kunne klassifiserast som spontane lån. Dette fordi dei da ikkje er ord som er tilordna eit fast bøyingsparadigme i det etablerte leksikonet, men dei er ord som spontant får tilordna bøying *ad hoc*, så å seie. Vi kan sjå for oss følgjande situasjon som bakgrunn for spontanlån i amerikansk. Over tid blir det norske leksikonet til dei amerikanorske språkbrukarane svekka, samtidig som dei byggjer opp eit parallelt engelsk leksikon (som blir brukt når dei snakkar engelsk). I situasjonar der dei manglar eit norsk ord for det dei vil uttrykke (pga. leksikalsk attrisjon), eller rett og slett vil ”krydre” norsken sin, er det derfor nærliggande at ord frå det parallelle engelske leksikonet blir spontanlånte inn i norsken. Det prinsipielle skiljet mellom etablerte lån og spontane lån er temmeleg klart og kan formulerast som eit spørsmål om ”lånet” skjer innanfor eitt og same mentale leksikon (etablert lån) eller mellom parallelle mentale leksikon (spontan lån). I konkrete tilfelle er det derimot svært vanskeleg å bestemme om ei gitt ”lån” form er etablert eller spontanlånt. Viktige hint kan vere frekvens og stabilitet i bruken; dess meir frekvent/stabilt, dess meir sannsynleg er det at lånet er etablert.

Eg kan ikkje garantere at alle døma på det eg kallar hybride verbformer i denne artikkelen, verkeleg er døme på spontanlån (og dermed genuint hybride) i det konkrete tilfellet som er belagt (sidan det ideelt ville krevje ei undersøking av ytringskonteksten til kvart enkelt belegg), men eg vil likevel rekne med (i) at genuint spontanlånte og dermed hybride verbformer i prinsippet finst i amerikansk (forstått som lån på tvers av parallelle leksikon), og (ii) at dei ”blandingsformene” eg gjengir, i det minste var spontanlånte da dei kom inn i amerikansk i den første fasen. Dette siste punktet blir understreka i Myers-Scotton (1993: 174), som reknar med at ord som endar opp som etablerte lånord i eit språk, typisk har starta som spontanlånte ord. Spontanlån er porten etablerte lån kjem inn i språket gjennom, i følge Myers-Scotton. På basis av dette vil eg rekne med at alle døma eg brukar, prinsipielt er mulege døme på spontanlån og dermed på hybride verbformer i amerikansk, og eg vil omtale dei som det i resten av denne artikkelen.

### 3. Data

Vi ser no på fleire data som eksemplifiserer hybride verbformer i amerikansk. Her er nokre data som er henta frå Haugen (1953: 556ff.). Først står den engelske stammen som er lånt inn, og deretter kjem ei ytring med døme på bruk av den hybride amerikanske forma, der den engelske stammen har norsk bøyning.

- (2)
- a. Bother: ”dæ **badr-ar** tåle my” [pres]
  - b. Break: ”dei **brek-te** opp prærien” [pret]
  - c. Care: ”E tenkte ikkje du **kær-a** så mykje” [pret]
  - d. Change: ”Han **kjeinj-a** main sin” [pret]
  - e. Feed: ”Dei kan du **fid-a** upp sjøl” [inf]
  - f. Feel: ”...je **fil-er** likså gått såm da je var to å tjuhu år” [pres]
  - g. Fine: ”So **fain-a** eg dai ain dalar kvar” [pret]
  - h. Harvest: ”sådde å ikkje **harvist-a**” [pret]
  - i. Keep: ”De er mange såm **kipp-er** Decorah-Posten” [pres]
  - j. Leave: ”...frå dei **liv-a** heimen å te dei kåm te kjerka” [pret]
  - k. Make: ”Vi **mæk-ar** goe peing” [pres]
  - l. Play: ”så **plei-de** dom geimer” [pret]
  - m. Reap: ”så **ripp-a** dai de” [pret]
  - n. Run: ”såm **rønn-er** farmen” [pres]
  - o. Settle: ”her **sætl-a** e ne å her he e vore” [pret]
  - p. Teach: ”han **titsj-a** ve Luther [College]” [pret]

Eg tar også med nokre tilsvarande døme henta frå Hjelde (1992) (tekne frå ”Alfabetisk liste over lån i amerika-trøndsk”, i *op. cit.*: 99ff.).

- (3)
- a. Beg: ”**begg-a**” [pret]
  - b. Break: ”...de **brækk-a** stavanj...” [pret]
  - c. Call: ”...vess du **kall-a** op-en fekk du svar...” [pret]
  - d. Cause: ”kjøtt som **kås-e** kænser” [pres]
  - e. Claim: ”**kleim-e**” [pres]; ”**kleim-a**” [pret]
  - f. Collect: ”dæm **kollækt-a** skatt” [pret]
  - g. Dust: ”(ho) **døst-a** støv” [pret]
  - h. Hunt: ”de e moro å **hønt-e**” [inf]
  - i. Keep: ”ein som **kip-e** boksa si på” [pres]
  - j. Move: ”vi **mov-a** frå minesota” [pret]

Verken Haugen (1953) eller Hjelde (1992) har funne hybride verbformer i amerikanorsk der stammen er norsk og tempusbøyinga er engelsk, eller der stammen er engelsk og tempusbøyinga også er engelsk, dvs. at det som er belagt ved sida av vanlege norske stammar med norsk bøyning som i (4a), er (4b), som illustrert i alle døma i (2) og (3), medan (4c) og (4d) ikkje er belagt i det heile. Merk likevel at typen (4d) i prinsippet kan finnast som del av ein større kodeveksla engelsk frase, noko eg vil sjå bort frå her.

- (4) a. stamme<sub>NO</sub>-tempus<sub>NO</sub>  
 b. stamme<sub>ENG</sub>-tempus<sub>NO</sub>  
 c. \*stamme<sub>NO</sub>-tempus<sub>ENG</sub>  
 d. \*stamme<sub>ENG</sub>-tempus<sub>ENG</sub>


Mønstret som er vist i (4), er med andre ord svært robust, og i utgangspunktet er det temmeleg overraskande sidan språkbrukarane det er snakk om, må reknast å ha parallelle leksikon for både norsk og engelsk, og slik sett skulle ein lett kunne tenkje seg at dei t.d. skulle kunne låne fullt ut tempusbøyge former som i (4d) frå engelsk, men det skjer altså ikkje.

På den andre sida er mønstret i (4) heilt ut i pakt med det ein finn i tilsvarende kodevekslingssituasjonar som involverer andre språk. (Merk at eg brukar kodveksling både om spontane innlån av større frasar og om spontane innlån av enkeltord; det er den siste typen innlån eg diskuterer i denne artikkelen.) Myers-Scotton (1993, 2002) reknar med at det er ein asymmetri mellom to språk som er involverte i kodeveksling, slik at det eine språket definerer den grammatiske ramma (*matrisespråket; Matrix Language*), medan det andre (*det innføyde språket; Embedded Language*) fungerer som ei kjelde for innlån av leksikalske stammar som blir sette inn i den grammatiske ramma som matricespråket stiller til disposisjon. I følgje Myers-Scotton kjem bøyingsaffiksa alltid frå matricespråket (og er dermed del av den grammatiske ramma), medan det innføyde språket berre kan bidra med leksikalske stammar. I amerikanorsk er altså norsk matricespråket medan engelsk er det innføyde språket, og mønstret i (4) er heilt i pakt med teorien til Myers-Scotton.

#### 4. Nokre teoretiske utgangspunkt

Eg skal no definere det teoretiske utgangspunktet for den vidare analysen nærmare. Eg vil først av alt rekne med at vanlege finitte setningar har ein

minimumsstruktur som består av CP, TP og VP, slik det blir forklart i Åfarli & Eide (2003) eller i andre moderne innføringsbøker i generativ syntaks. Den grunnleggjande strukturen er vist i (5).



Tempus er generert under T, og hovudverbet er generert under V, og T k-kommanderer (= *c-commands*) V (*op. cit.*: 114f.). Eg vil rekne med at verbet "får" tempus ved at T og V blir relaterte eller assosierte på ein eller annan måte som det gjenstår å undersøke nærmare. Det er naturen til denne relasjonen som er tema for denne artikkelen, og det er også den dei mange ulike generative analysane av relasjonen mellom verb og tempus som er blitt lanserte, prøver å seie noko om. Sjå elles Eide (2009) for ein generell analyse av tempus i norsk.

Generelt vil eg rekne med at hybride verbformer som i (2) og (3) er med på å motivere den klassiske generative tesen om at tempus er generert i T, uavhengig av verbet som det seinare blir ein integrert del av (Lasnik 2000). Heile analysen som eg argumenterer for i del 6, kviler på denne føresetnaden, og i den grad analysen er vellykka, tener den som støtte for føresetnaden.

Eg vil også ta som mitt utgangspunkt at analysen av hybride verbformer som dei i (2) og (3) (og i kodevekslingsdata generelt) ikkje krev nokon spesielle mekanismar som ikkje er relevante for språk generelt. Dette inneber med andre ord at denne typen data kan gi innblikk i korleis dei generelle UG-mekanismane for relasjonen mellom verb og tempus er. Eg vil vidare rekne med at det finst berre éin mekanisme i UG for relasjonen mellom T

og V. Eg vil med andre ord ha som utgangspunkt at det ikkje er slik at UG tillater t.d. både syntaktisk V-til-T-flytting og syntaktisk T-til-V-flytting (af-fikshopping). Dette for å ha eit mest muleg restriktivt og minimalistisk utgangspunkt for analysen.

Ovanfor refererte eg til Myers-Scotton (1993, 2002) og tanken om at matrisepråket definerer den grammatiske ramma og bøyingsmorfologien, medan det innføyde språket innimellom bidrar med utlån av leksikalske element som blir sette inn i den grammatiske ramma. Eg vil også ta denne generelle tilnærminga som eit utgangspunkt, men dette er ikkje heilt uproblematisk i ei generativ prinsipp- og parameter-tilnærming, der genereringa av setningsstrukturar vanlegvis blir analysert som derivasjonell på den måten at grammatisk struktur blir generert som eit resultat av at element frå leksikonet blir sette saman suksessivt via operasjonen *spleis* (*Merge*). Ei slik tilnærming utelukkar i utgangspunktet ein modell der grammatiske rammer blir genererte først, for deretter å bli gjenstad for innsetting av element plukka frå leksikonet, slik analysen til Myers-Scotton inneber. Det finst likevel tilnærmingar som prøver å integrere ei ramme-tilnærming i generativ grammatikk av prinsipp- og parameter-typen, nemleg såkalla nykonstruksjonistiske teoriar (van Hout 1996, Borer 2005, Ramchand 2007), og ein liknande integrasjon er også forsvart i Åfarli (2007), Brøseth (2007), Nygård (2012).

Eg vil derfor rekne med at det er muleg å integrere *både* ein ramme-analyse og ein generativ analyse av prinsipp- og parameter-typen i ein ein-skapleg grammatikkmodell. Eg kan ikkje gå nærmare inn på korleis dette kan gjerast her (sjå referansane som er gitt ovanfor for nærmare diskusjon), men grovt sett vil eg rekne med ein grammatikkmodell der den funksjonelle strukturen (t.d. C- og T-projeksjonane) og opne leksikalske proto-projeksjonar (t.d. opne V-projeksjonar) er genererte i matrisepråket i det som kan karakteriserast som ei grammatisk ramme, medan sein leksikalsk innsetting muleggjer at leksem (t.d. ein verbstamme) frå eit parallelt leksikon kan setjast inn i dei leksikalske proto-projeksjonane (ein versjon av ein slik analyse blir det argumentert for i del 6). I amerikanorsk vil derfor T-projeksjonen og tempus alltid høre til den grammatiske ramma og dermed høre til matrisepråket, som er norsk, medan det vil vere muleg å sette inn leksikalske verbstammar frå det parallelle engelske leksikonet i dei verbale proto-projeksjonane. Slik oppstår hybridformer som dei i (2) og (3). Eg skal no gå nærmare inn på korleis dette skjer.

## 5. Mekanismer som relaterer T og V

Vi er no i ein posisjon der vi kan gå nærmare inn på dei konkrete mekanismene som kan tenkjast å relatere T og V slik at tempus endar med å bli ein integrert morfologisk del av verbet.

Vi tar utgangspunkt i Chomsky (1995: 195), som diskuterer to måtar verbet kan bli relatert til tempus på (mi utheving):

The main verb typically "picks up" the features T and Agr [...], adjoining to an inflectional element to form [V I]. There are two ways to interpret the process, for a lexical element  $\alpha$ . **One is to take  $\alpha$  to be a bare, uninflected form; PF rules are then designed to interpret the abstract complex [ $\alpha$  I] as a single inflected phonological word. The other approach is to take  $\alpha$  to have inflectional features in the lexicon as an intrinsic property (in the spirit of lexicalist phonology); these features are then checked against the inflectional element I in the complex [ $\alpha$  I].**

Vi tar for oss dei to måtane etter tur (og vi ser bort frå Agr og konsentrerer oss om relasjonen mellom T og V). Hugs at begge måtane ikkje kan vere rette, dersom det finst berre éin mekanisme i UG for relasjonen mellom T og V, jf. del 4, 4. avsnitt.

Den første måten – "to take  $\alpha$  to be a bare, uninflected form; PF rules are then designed to interpret the abstract complex [ $\alpha$  I] as a single inflected phonological word" – ser i utgangspunktet ut til å kunne passe for dei hybride verbformene i amerikansk, sidan den engelske stammen, etter at den er sett inn i V-posisjonen i den grammatiske ramma, vil kunne flytte til T og "plukke opp" det norske tempusmorfemet.

Korleis ein skal analysere relasjonen tempus – verb i engelsk, er likevel eit velkjent problem for ein slik analyse. Sjå t.d. på strukturen i (6).

(6) He T [<sub>VP</sub> always [<sub>VP</sub> claimed these things]]

I følge Pollock (1989) er eit setningsadverbial som *always* venstreadjungert til VP i engelsk, jf. t.d. *I doubt [that he will always make such claims]*, der subjunksjonen *that* står i C i den underordna setninga, det modale hjelpeverbet *will* står i T, hovudverbet *claimed* står i V, og der setningsadverbialet *always* altså er venstreadjungert til VP.

Dersom setningsadverbialet *always* tilsvarande er venstreadjungert til VP i hovudsetningar som (6), som Pollock reknar med, viser posisjonen til



setningsadverbialet at verbet ikkje kan ha flytta ut av VP, i alle fall ikkje før *Spell-Out*, dvs. før strukturen blir mata inn i *FF* (*fonetisk form*). Verbstammen kan derfor ikkje få tempusaffikset sitt via V-til-T-flytting og må ha fått det på ein annan måte. Holmberg & Platzack (1995: 49-50) finn eit tilsvarande problem i analysen av undersetningar i fastlandsskandinaviske språk, noko eg ikkje skal gå vidare inn på her. Sidan denne mekanismen er utelukka i engelsk, og kanskje også i fastlandsskandinavisk, er den dermed også utelukka som ein muleg UG-mekanisme.


Ein alternativ analyse ville vere å rekne med affikshopping i syntaksen, dvs. syntaktisk T-til-V-flytting nedover i strukturen. Det er dette Pollock (1989) foreslår som ei løysing for det engelske problemet. Eg vil likevel avvise ein slik analyse, først og fremst fordi den bryt med eit heilt generelt prinsipp som elles gjeld for flytting, nemleg at det som flyttar, må k-kommandere posisjonen det blir flytta frå. Dette gjer at all flytting må skje oppover i strukturen, noko som elles synest å stemme med dei faktiske forholda i språk. Det ville vere ein rein stipulasjon om analysen av T – V-relasjonen skulle vere eit unntak til dette.

Ei tredje løysing ein kunne tenkje seg, er at T-til-V-flytting skjer i *FF* (der k-kommando-restriksjonen eller andre syntaktiske restriksjonar ikkje verkar, fordi dette ikkje er eit fullverdig syntaktisk nivå strukturelt sett), men da ville det vere nødvendig, for at dei strukturelle restriksjonane som faktisk gjeld for T – V-relasjonen, skal bli sjekka, at det skjer parallell ”usynleg” V-til-T-flytting i *LF* (*logisk form*). Dette er ei løysing som teknisk sett er grei nok, men eg vil likevel avvise også denne, fordi den ikkje oppfyller generelle minimalistiske krav. Analysen er for kompleks til at den verkar truverdig i ein minimalistisk teori. Den involverer at ein prosess som skjer i *FF*, må bli sjekka parallelt i ein annan komponent, *LF*. Merk at det ikkje er ei eventuell usynleg flytting som er problematisk her, men derimot den doble bokføringa som er involvert i at ein prosess i *FF* må sjekkast i *LF*.

Det ser dermed ut til at Chomskys første måte å analysere verbets relasjon til tempus på, ikkje fører fram. Eg vil no undersøke om den andre måten kan vere meir fruktbar. Den andre måten inneber ”to take  $\alpha$  to have inflectional features in the lexicon as an intrinsic property (in the spirit of lexicalist phonology); these features are then checked against the inflectional element I in the complex  $[\alpha I]$ ” .

I denne tilnærminga reknar ein med at den tempusbøygde verbforma er ferdiglagd i leksikonet, dvs. før den blir sett inn i syntaksen, men for å hindre vilkårlig innsetting av tempusbøygde verbformer, må den innsette forma

sjekkast syntaktisk, dvs. at det må sjekkast om den står i ein strukturelt korrekt posisjon i høve til T. Denne sjekkinga kan skje teknisk t.d. ved at verbet blir LF-løfta til T, og at mekanismen *kongruer* (*Agree*) deretter sjekkar om tempustrekket på verbet er identisk med tempustrekket i T. Om det er det, blir tempus godkjent, og om det ikkje er det, blir tempus ikkje godkjent, og setninga blir ugrammatisk. Analysen er skjematisk framstilt i (7); dette er strukturen *før* den tenkte LF-flyttinga av V+aff til T.




Denne analysen vil løyse problemet med engelske setningar som (6), fordi verbet no har tempus alt når det kjem inn i syntaksen. Verbet er med andre ord tempusbøygde *før Spell-Out* til FF, og det er derfor den fulle tempusbøygde forma som blir uttalt. Såkalla ”usynleg” V-til-T-flytting i LF sørger i neste omgang for at verbet blir syntaktisk godkjent (eller evt. forkasta).

Denne analysen løyser som sagt det engelske problemet som (6) illustrerer, men den fører likevel til eit problem dersom den skal brukast for å analysere dei hybride verbformene i amerikansk. Problemet er rett og slett korleis ein skal kunne sikre at sjølv om verbstammen er engelsk, så samtidig tempusaffikset likevel vere norsk. Dersom verbet har ”inflectional properties in the lexicon as an intrinsic property”, slik Chomsky foreslår, er det faktisk eit stort mysterium kvifor eit verb som blir lånt inn i amerikansk frå det engelske parallell-leksikonet, *ikkje* har eller kan ha engelsk tempusaffiks. Men det har det aldri, jf. (4d). Faktisk kan det seiast å vere ein alvorleg feilprediksjon ved den andre måten til Chomsky å analysere verb – tempus-relasjonen på at eit verb som er lånt frå det engelske parallell-leksikonet, må ventast å ha engelsk tempusbøying.

Er det muleg å unngå denne feilprediksjonen? Ja, det finst ein måte, men kostnaden er stor. Vi kan sjå for oss eit system der tempusaffiks blir

genererte heilt fritt i leksikonet, dvs. at t.d. ein engelsk verbstamme kan genererast med eit tempusaffiks frå kva som helst språk. Korleis kan ein sikre at av alle dei kanskje hundrevis av tempusaffiks som finst i det samla repertoaret til ein språkbrukar, så er det nettopp eit norsk tempusaffiks som blir syntaktisk godkjent i derivasjonen i amerikanorsk? Dette kan sikrast dersom ein tillater eit morfosyntaktisk trekk som seier kva som er matrise-språket i det aktuelle tilfellet, i tillegg til dei vanlege morfosyntaktiske trekk for tempus etc. I amerikanorsk vil T tilhøre den grammatiske ramma, og den er norsk. Vi kan derfor tenkje oss at T, i tillegg til sjølve tempusspesifikasjonen, inneheld eit trekk <norsk>. Når så den bøygde verbforma blir LF-løfta til T for sjekking, kan berre ei verbform som har eit kongruerande språktrekk, bli godkjent, dvs. at berre ei engelsk verbform med eit *norsk* tempusaffiks og dermed trekket <norsk> (som øverste trekk) kan bli godkjent. Dermed er vi sikra ei hybrid verbform av den rette typen. Dersom derivasjonen skal bli godkjent, må sjølvstg dei to tempusspesifikasjonane kongruere også. Ein slik analyse er skissert i (8).



Dersom både tempusaffikset og verbstammen i ein struktur som (8) er engelsk, vil kongruensen m.o.t. språktrekk feile, og setninga blir ugrammatisk. Denne analysen har som generell prediksjon at i ei norsk grammatisk ramme vil verbet alltid ha norsk tempusbøying, uansett kva språk verbstammen kjem frå. Denne prediksjonen er korrekt, jf. (4).

Før vi ser på kostnaden som denne analysen har, skal eg kort nemne andre tekniske løysingar som også må rekne med at det eksisterer morfosyntaktiske språktrekk dersom feilgenerering skal bli unngått. I staden for å LF-flytte verbet til T som eg har foreslått ovanfor, kan ein rekne med me-

kanismen *sonde – mål* (*probe – goal*) der T fungerer som ein sonde som søker verbet som mål (som forstått i nyare versjonar av minimalismen). Der- som sonden og målet inneheld eit språktrekk, vil kongruens igjen sikre at T og bøyingsaffikset i målkonstituenten må tilhøyre same språk. Ein anna variant av sonde – mål-tilnærminga er ein analyse som opererer med valuerte og uvaluerte trekk. Her vil inherent valuerte trekk under T (sonden) valuere uvaluerte trekk under V (målet) før *Spell-Out* til FF.

Uansett kva teknisk løysing ein brukar for å sjekke at affikset på verbet tilhøyre matrisepråket (kongruens via LF-flytting, sonde – mål-kongruens eller sonde – mål-valuering), ser det ut til at ein må ty til språktrekk for å sikre at det spontanlånte verbet har matrisepråkets bøyingsaffiks.

Kvifor er dei analysevariantane som er skisserte ovanfor, og som reknar med språktrekk, lite attraktive, sjølv om dei gjer ”jobben”? Grunnen til det er at eit språktrekk ikkje er den typen trekk ein vil vente å finne i den morfosyntaktiske trekkspesifikasjonen til syntaktiske strukturar, for eit språktrekk er eigentleg ikkje eit morfosyntaktisk trekk, men ein merkelapp for ein sosiopolitisk eigenskap. Det er ein type trekk som ein ikkje ventar skal bli sjekka/valuert av dei morfosyntaktiske mekanismene i grammatikken. Eg vil derfor forkaste analysevariantane som reknar med språktrekk, og prøve å argumentere for ein analyse som ikkje reknar med det.

## 6. Analyse av T – V-relasjonen og hybride verbformer utan bruk av språktrekk

Eg vil ta utgangspunkt i ein type analyse som reknar med at eit leksem i utgangspunktet er ei kategorinøytral rot heilt utan inherente morfosyntaktiske trekk (sjå t.d. Marantz 1997). Ein slik analyse er motivert av den store mengda av ord som kan fungere t.d. både som substantiv og verb, som vist i (9).

- (9)
- a. substantiv: (eit) **bad**; verb: **bad** og bli rein!
  - b. substantiv: (ein) **mann**; verb: **mann** deg opp!
  - c. substantiv: (ei) **sol**; verb: **sol** deg!
  - d. substantiv: (ein) **buss**; verb: **buss** barna til ein annan kommune!
  - e. substantiv: (mykje) **mjølk**; verb: **mjølk** denne kua!
  - f. substantiv: (eit) **skriv**; verb: **skriv** brevet straks!
  - g. substantiv: (eit) **telt**; verb: ikkje **telt** her!

Både kategoritrekk og (andre) morfosyntaktiske trekk blir etter ein slik analyse tilordna eller bestemt *syntaktisk*, ved at rota blir syntaktisk relatert til dei relevante funksjonelle kategoriane. Såleis blir t.d. ei gitt rot gjort om til eit substantiv ved å bli relatert til eit nominalt funksjonelt element (kall det *n*), og til eit verb ved å bli relatert til eit verbalt funksjonelt element (kall det *v*).

Pylkkänen (2008: 103) seier det t.d. slik: "I will assume that what enters the syntax are category-neutral roots and category-defining functional heads, *v* (deriving verbs), *n* (deriving nouns), *a* (deriving adjectives), and so forth". Etter ein slik analyse vil substantivet *bad* og verbet *bad* i (9a) vere akkurat same element på det leksikalske rotnivået, men denne rota blir til eit substantiv ved å bli syntaktisk relatert til *n*, medan den blir til eit verb ved å bli syntaktisk relatert til *v*. Dette er skissert i (10) (der *R* er brukt for å vise kva som er den kategorinøytrale rota).


- (10) a.            $\wedge$   
                    $n$             $\wedge$   
                   R: bad
- b.            $\wedge$   
                    $v$             $\wedge$   
                   R: bad

Dei funksjonelle elementa *n* og *v* blir i sin tur syntaktisk relaterte til andre funksjonelle element (t.d. T) som spesifiserer dei morfosyntaktiske bøyingsstrekka som er relevante for dei respektive kategoriane.

Både dei kategorielle elementa (*n*, *v*, ...) og dei andre respektive morfosyntaktiske elementa (som t.d. T) tilhøyrer den grammatiske ramma til matrisespråket. I amerikanorsk vil desse derfor alltid vere norske. Eg vil bruke sonde – mål-mekanismen med valuering i analysen min. Eit tempustrekk under T vil altså valuere eit uvaluert tempustrekk under *v*. Om ein ser på denne valueringa som ei tilordning eller som ei sjekking, er ikkje viktig i denne samanhengen. Det som er viktig, er at både T og *v* er uavhengig motiverte kategoriar som i kraft av å vere funksjonelle kategoriar tilhøyrer matrisespråket. Dermed vil tempusbøyinga alltid vere norsk i amerikanorsk. Derimot kan ei rot i prinsippet hentast frå kva som helst språk, og i dei hybride verbformene i amerikanorsk vil rota vere henta frå engelsk.

Hovudpoenget med denne analysen er at genereringa av affikset er skilt frå genereringa av rota/stammen, og at dei to elementa blir assosierte syn-


taktisk i løpet av derivasjonen. Denne analysen er skissert i (11).



Ei rot har per definisjon ikkje noko affiks knytta til seg, så det er *ikkje* muleg at ei engelsk rot som skal bli eit verb, har engelsk tempusbøying knytta til seg. Tilsvarende er det sjølvsgt heller ikkje muleg (i amerikanorsk) at ei norsk rot får engelsk bøying. Dermed er det berre a og b i (4) som faktisk kan finnast i amerikanorsk, medan c og d heilt korrekt blir utelukka.

Korleis vil denne analysen gjere språktrekk overfødige? Den funksjonelle ramma vil alltid tilhøyre matrisespråket, så T og v er norske og vil derfor alltid berre tillate norsk bøyingsmorfologi. Derimot kan røter/stammar lånast frå andre språk, t.d. frå engelsk, og slike lån kjem derfor inn i ramma i ei prototypisk form som er bestemt i det språket dei kjem frå. På denne måten vil det ikkje vere bruk for språktrekk på individuelle leksikalske former, fordi språket er definert for den grammatiske ramma som heilskap, eller for eit mentalt leksikon som heilskap. Individuelle røter eller affiks verken har eller treng individuelle språktrekk. Denne analysen opnar for at ei rot kan lånast frå kva som helst leksikon (eller leksikonfragment) som språkbrukaren måtte ha kjennskap til, og den opnar også for at nye røter kan lagast spontant, slik at det t.d. oppstår nyord eller tulleord, eit fenomen som slett ikkje er ukjent i vanleg språkbruk.

Korleis løyser denne analysen det engelske problemet som vart diskutert i del 5 i samband med dømet (6)? Pollock (1989) rekna med at setningsadverbialet er venstreadjungert til VP i engelsk, noko som svarar til adjungering til vP i den strukturen eg har foreslått. Den relevante delen av strukturen til det engelske dømet (6) blir derfor som skissert i (12).



Her er altså setningsadverbialet (SA) adjungert til vP, og tempustrekket under T valuerer det uvaluerte tempustrekket under v. Rota blir så assosiert med v og får status som eit verb med tempusbøying.

## 7. Konklusjon

Dersom ferdiglaga tempusbøyde former er genererte i leksikonet, slik som det andre av dei to analyseframlegga til Chomsky går ut på, er det ingen som helst grunn til å vente at tempusaffikset på eit verb skulle tilhøyre eit anna språk enn det språket som verbstammen er henta frå. Innanfor ein generativ grammatikkmodell er hybride verbformer altså ikkje det ein ville vente seg dersom verba er ferdiglaga med tempusaffiks i leksikonet. Eg reknar derfor eksistensen til dei hybride verbformene i amerikanorsk som evidens for (a) at det *ikkje* er tilfellet at tempusbøyde former av verbet er ferdiglaga i leksikonet og deretter sjekka i syntaksen, men *for* (b) at tempus er syntaktisk tilordna til ein verbstamme (rot), jf. (11).

Det er muleg å rekne med ferdiglaga leksikalske tempusbøyde former med påfølgjande sjekking i syntaksen, men det krev at ein reknar med at sosiopolitiske språktrekk har status som morfosyntaktiske trekk, ein idé eg har avvist. Analysen eg har foreslått, unngår derfor å postulere denne typen trekk.

Den foreslåtte analysen har som ein klar prediksjon at dei belagte hybride verbformene i amerikanorsk skal vise mønstret i (4), og som vi har

sett, er denne prediksjonen korrekt. Samtidig har analysen også som prediksjon at lån og kreasjon av verbformer er ein del av normal språkbruk, snarare enn at det er noko avvikande.

## Litteratur

- Borer, H. 2005: *Structuring Sense* (vol. I & II). Oxford: Oxford University Press.
- Brøseth, H. 2007: A neo-constructional approach to computer-oriented talk. Doktoravhandling, NTNU, Trondheim
- Chomsky, N. 1995: *The Minimalist Program*. Cambridge, Mass.: The MIT Press.
- Eide, Kristin M. 2009: Tense, finiteness and the survive principle: Temporal chains in a crash-proof grammar. I M.T. Putnam (ed.) *Towards a Derivational Syntax*. Amsterdam: Benjamins.
- Haugen, E. 1953: *The Norwegian Language in America: A Study in Bilingual Behavior* (vol. I & II). Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Hjelde, A. 1992: *Trøndsk talemål i Amerika*. Trondheim: Tapir forlag.
- Holmberg, A. & C. Platzack. 1995: *The Role of Inflection in Scandinavian Syntax*. Oxford: Oxford University Press.
- van Hout, A. 1996: Event Semantics and Verb Frame Alternations. Doktoravhandling [TILDIL Dissertation Series], Tilburg University.
- Johannessen, J.B. & S. Laake 2011: Den amerikansk-norske dialekten i Midtvesten. I L.-E. Edlund, L. Elmevik & M. Reinhammar (red.) *Studier i dialektologi och språksociologi. Föredrag vid Nionde nordiska dialektologkonferensen i Uppsala 18-20 augusti 2010. Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi* 116: 177–186. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur.
- Lasnik, H. 2000: *Syntactic Structures Revisited. Contemporary Lectures on Classic Transformational Theory*. Cambridge, Mass.: The MIT Press.
- Marantz, A. 1997: No escape from syntax: Don't try morphological analysis in the privacy of your own lexicon. I A. Dimitriadis et al. (eds.) *Pennsylvania Working Papers in Linguistics* 4.2. Philadelphia: University of Pennsylvania, Penn Linguistics Club.
- Myers-Scotton, C. 1993: *Duelling Languages: Grammatical Structure in Codeswitching*. Oxford: Oxford University Press.



- Myers-Scotton, C. 2002: *Contact Linguistics: Bilingual Encounters and Grammatical Outcomes*. Oxford: Oxford University Press.
- Nygård, M. 2012: Discourse ellipses in spontaneously spoken Norwegian: Clausal architecture and licensing conditions. Doktoravhandling, NTNU, Trondheim.
- Pfaff, C. W. 1979: Constraints on Language Mixing: Intrasentential Code-Switching and Borrowing in Spanish/English. *Language* 55: 291-318.
- Pollock, J.-Y. 1989: Verb Movement, UG, and the Structure of IP. *Linguistic Inquiry* 20: 365–424.
- Poplack, S. 2004: Code-switching. I U. Ammon, N. Dittmar, K.J. Mattheier & P. Trudgill (eds.) *Soziolinguistik. An international handbook of the science of language*. Berlin: Walter de Gruyter.
- Pylkkänen, L. 2008: *Introducing Arguments*. Cambridge, Mass.: The MIT Press.
- Ramchand, G. 2007: *Verb Meaning and the Lexicon: A First-Phase Syntax*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Åfarli, T.A. 2007: Do Verbs have Argument Structure? I E. Reuland, T. Bhattacharya & G. Spathas (eds.) *Argument Structure*. Amsterdam: Benjamins, 1-16.
- Åfarli, T.A. 2010: Einar Haugen's study of Norwegian in America, within a Matrix Language-Frame-model adapted to Principles and Parameters. Innlegg ved Investigating immigrant languages in America, University of Wisconsin, Madison, Sept. 16–17.
- Åfarli, T.A. 2011: Codeswitching data in amerikanorsk and the theoretical analysis of tense. Innlegg ved Second Workshop on Immigrant Languages in America, Fefor, Sept. 21–24.
- Åfarli, T.A. & K.M. Eide. 2003: *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus forlag.

## Summary

English roots/stems that are nonce borrowed into *amerikanorsk* regularly show Norwegian tense inflection. In this article, I use data of such hybrid verb forms as a starting-point for an investigation of the general theoretical analysis of the morpho-syntactic relation between a verbal stem and its tense affix. I argue that the hybrid verb forms in *amerikanorsk* should be taken as evidence that it is *not* the case that verbs (and inflected words generally)

are fully listed with inflectional features in the lexicon and subsequently checked for their inflectional features in the syntax (as suggested in recent Minimalist analyses). Instead, I argue that what is contained in the lexicon are the bare verbal roots or stems, and that tense morphology is syntactically *assigned* to the root/stem during the derivation.

Takk

Eg vil takke fire anonyme konsulentar for NLT for verdifulle kommentarar til ein tidlegare versjon av denne artikkelen. Takk også for fruktbare tilbakemeldingar til publikum ved ulike dugnader/seminar/konferansar der ideane i denne artikkelen har blitt presenterte.

*Tor A. Åfarli*  
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet,  
NTNU,  
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap,  
N-7491 Trondheim  
tor.aafarli@ntnu.no